



Gil Edwards i aksjon på Dønhaug for sjette gong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen er i ferd med å byggja opp ein flokk av artistar som kjem att til Dønhaug gong på gong og trivs svært godt der. Ein av dei er Gil Edwards frå Oregon i USA. Laurdagskvelden vitja han Dønhaug for sjette gongen, direkte frå Ålesund som har vorte hans nye heim og som han tydelegvis kjenner seg meir og meir knytt til. Det kan ein høyra på dialekten, han er snart vaskeekte møring!

En gong song og spela Gil på låven saman med Pat Savage, men det er i kjedlaren han fungerer best. Denne gongen kunne og burde frammøtet ha vore større, det kom berre rundt 40. Men stemningen var den beste og Gil imponerte igjen med fengjande song og ekvilibristisk gitarspel..

Ikkje minst er han utruleg allsidig, han behersker alt frå country/roots via blues til rock og har eit repertoar både av eigne og andres låtar som kan ta pusten frå ein. Mange av dei låtane om ein kan kalla sviskar presenterer han i friske og gjerne litt overraskande arrangement, som til dømes "Hotell California" i spansk innramming. Og apropos spansk: Gil er ein meister også på sin akustiske gitar.

Men musikk-analytikarar som lik å plassera artistar i båsar seier gjerne at Gil helst opererer innan sjangaren Alternativ Country, som er rocka og og tyngre enn ordinær country. Det er ein stilart som har fått stadig fleire tilhengjarar i USA.

Gil har gått ein lang både personleg og musikalsk veg sidan han for meir enn 20 år sidan kom til Noreg med berre nokre få personlege eiendeler for å spela for ein amerikansk låtskrivarorganiasjon. Han gjorde med andre ord det motsette av det som var vanleg – at nordmenn valfarta til USA med sitt livsmål å bli store.

Gil hadde nokre tøffe startår, men med ustøppeleg energi arbeidde han seg opp og fram, mellom andre med hjelp av Marius Müller og andre kjende norske artistar. Og etter kvart har han også profilert seg ute i verda, mellom anna med fleire CD-ar i fleire land.

Men han kjem nok også att til Dønhaug!

Av Ola Matti Mathisen



Magne Huglen satsar sterkt på gode artistar i det nye året. Her tek han seg ein svingom med Liv Bente Hjelmeland Rusten frå Sandvoll, Gil Edwards spelar i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)